

Kyrkjebladet for VAKSDAL

75. ÅRG. / NR. 2 - 2021

Ha ei god
advents- og
juletid!



Du vesle barn i Betlehem

*Du vesle barn i Betlehem,
fødd i ein vesal stall.
I krubba svøypt blant halm og strå,
på jorda mørk og kald.*

*Der hyrdar kom til krubba di,
og fleire vise menn.
Gull, røykjels, myrra gav dei deg,
vår kjære sjelevenn.*

*Vår Jesus, du Guds eigen Son,
som sprengde daudens bann.
Du opna porten for oss inn
til livsens sæle land.*

*Du vesle barn, kom til oss no,
i våre hjarto inn.
Fyll du oss med din sæle fred,
og heile nåden din.*

Einar Magne Straume, 2008



**Konsertar
i adventstida**
Side 5

**Fire om
Bibelen**
Side 6

Konfirmantbilete
Side 13-15

DEN NORSKE KYRKJA I VAKSDAL**Kyrkjekontoret for Vaksdal**

Pb 113, Fabrikkvegen 3, 5721 Dalekvam

Tlf. 56 59 39 20 (felles for alle tilsette)

E-post: kyrkjekontoret.vaksdal@kyrkja.no

Ekspedisjonstid: Tys.og ons. kl. 11-14**Kyrkjeverje Bjart-Magnus Ndogo Rosvold**

Mobil 97 69 75 62 / E-post: br233@kyrkja.no

Sokneprest Edvard Bø

Prest i Stamnes og Vaksdal sokn

Mobil 90 84 06 24 / E-post: eb447@kyrkja.no

Sokneprest Frode Kvamsøe

Prest i Bergsdalen, Dale, Eksingedalen og

Nesheim sokn

Mobil: 90 19 65 14 / E-post: fk796@kyrkja.no

Trusopplærar Kristin Straume Audestad

Mobil: 95 76 63 79 / E-post: ka263@kyrkja.no

Organist Ruben S. Gjertsen

Mobil: 92 45 20 98 / E-post: rg794@kyrkja.no

Organist Anton Proskurnin

Mobil: 48 23 29 77 / E-post: ap244@kyrkja.no

Vaktmeister Ottar Dalseid

Mobil: 97 67 46 16 / E-post: od622@kyrkja.no

Samtale med presten

Prestane står til disposisjon for samtale.

Avtal helst på førehand.

Prestane har teieplikt.

GATEADRESSER:**Bergsdalen kyrkje:** Bergsdalsvegen 1065**Dale kyrkje:** Kyrkjegata 1**Eidsland kapell:** Eidslandsvegen 2014**Eksingedalen kyrkje:** Søralsvegen 10**Nesheim kyrkje:** Nesheimsvegen 31**Stamnes kyrkje:** Grupevegen 19**Vaksdal kyrkje:** Vaksdalsgarden 34**KYRKJEBLAD FOR VAKSDAL**

Utgjevar: Sokneråda i Vaksdal

Bladpengar: kr 250,-

Annonsepris: kr 4,- pr. sp.

Avgiftsfritt.

Bankgiro: 3500.07.05800

Bladstyrar: Kyrkjeverja i Vaksdal**Grafisk utforming:** VaksdalPosten**Kasserar:** Vaksdal Kyrkjelege Fellestråd,

PB 113, 5721 Dalekvam

Eksp. og trykk: Bodoni AS, avd. Hardanger,

Øystese. Tlf. 46 63 09 33

Retur til: Kyrkjekontoret for

Vaksdal, Pb. 113, 5721 Dalekvam

*Bilete på framsida: Illustrasjonsbilete.***Stoff til neste nr. må vera kome inn til 22. mars 2022.**

Advent

No er det advent. Advent er ventetid. Me ventar. Me ventar i bilkø til Bergen. Kvifor må dei alltid jobba på den vegen? Me ventar i kø i butikken for å betala julegåver (kvifor begynte eg ikkje tidlegare å handla, det var planen i fjor). Me ventar i ny kø for å få pakka gåvene inn. Nokon av oss kjenner at akkurat denne delen av jula er meir stress en kos. Nokon av oss trekker kredittkort og bygger opp gjeld, andre veit at gåvene deira born får ikkje er like dyre og i like stort antal som dei fleste andre. Men er det ikkje tanken som tel? Kanskje ikkje for borna. Og ikkje for oss vaksne heller alltid.

No er det advent, varmt og lunt inne, kaldt og mørkt ute. Me nyttar høve til å besøka vener, prøvesmaka julebakst, og slappa av innimellom slaga. Dei lune varme stovene våre er ekstra koselege når me pyntar litt. Stjerne i vindauge, adventsstake på bordet.

Me ventar, ventar på at julefreden skal senka seg. Eller ikkje alle. Eg kjenner folk som synes at jula er den verste tida av året. Jula er den tida når alt som er vondt, vanskeleg og mørkt, vert samla opp. Ein vanskeleg dag som dei gjerne kunne vore forutan.

Kanskje du kjenner nokon som kunne trengt litt ekstra merksemd, eller støtte/hjelp i denne tida. Den beste gåva er kanskje ikkje det me klarer å kjøpe, men heller å gje våre med menneske litt av tida vår. Ein venleg telefon, ein kaffikopp, slå av ein prat? Då kan me spreie litt ekte jolegledede.

God jol i vente.

Bjart-Magnus N Rosvold, kyrkjeverje

VIPPS

Bergsdalen sokn 552521

Dale Sokn 525329

Eksingedalen sokn 706003

Nesheim sokn 548798

Stamnes sokn 524776

Vaksdal kyrkje 137194

Vegen / Trusopplæringa 514111

Kyrkjeleg fellestråd 94073

Kyrkjelydane i Vaksdal på Facebook:

- Vegen i Vaksdal (trusopplæringa)

- Babysong, Småbornssong og Knøttesong i Vaksdal

- Kyrkjene i Vaksdal

- Bergsdalen kyrkje

- Nesheim kyrkje

- Dale Ving

**Den norske kyrkja si heimeside:** www.kyrkja.no**Björgvin bispedømme si heimeside:** www.kyrkja.no/bjorgvin**Bibelen på nett:** www.bibel.no**Leiar i Vaksdal kyrkjelege fellestråd:**Lars Patterson, tlf. 91 88 78 25 / e-post: lars.patterson@vetlejord.com**Leiarar i sokneråda:**

Bergsdalen: Anne Hilde Fosse Osvold (mellombels) 95 10 03 27

Dale: Brith Kydland, tlf. 48 13 06 64

Eksingedalen: Jarand Brørvik (mellombels), tlf. 99 36 39 51

Nesheim: Gøril Kvinge Nesheim, tlf. 93 05 46 36

Stamnes: Bjørn Stamnesfet, tlf. 41 41 33 51

Vaksdal: Grete Loftheim Dale, tlf. 99 26 81 28

Ei kroppsleg jul

Det vart ein underleg julaftan for eitt år sidan. Det var koronatid og grenser for det meste på alle kantar. Dersom vi ville samlast i kyrkja, kunne vi berre møtast veldig få. Nokon trassa vêr og vind og heldt gudstenesta utandørs, men dei fleste heldt seg nok heime. Eg håpar vi ikkje får oppleva slike tilstandar ein gong til.

For viss det verkeleg er ei tid på året der vi må møtast fysisk og kroppsleg, ta kvarandre i handa, og gjerne òg gi kvarandre ein skikkeleg klem, så må det vel vera i jula. Jul handlar nemleg om kropp og om nærvær.

Vi feirar at Guds Son vart menneske og lagt i krubba. Jesus var eit heilt vanleg barn til fingerspissane - og samtidig noko så uvanleg som ein halv meter Gud, lagt på strå og utlevert til Marias og Josefs omsorg. Guds Son vart eit foster og eit spedbarn, hjelpelaus og hjelpetren-gande. Slik vi alle kom inn i verda, og var avhengige av å bli godt mottatt.

Når jula handlar om noko så fysisk og så kroppsleg som dette, blir det ikkje heilt det same å feira denne hendinga framfor kvar vår skjerm. Det er mykje bra som blir formidla på nettet og

på TV ved juletider, og for den som sjølv ikkje kan komma til kyrkja er skjermen mykje betre enn ikkje noko. Men når vi feirar at Guds Son kom til verda i ein liten gutekropp, er det ingen ting som kan erstatta den fysiske og kroppslege samlinga.

Gud søker oss som heile menneske, så la oss møte han slik. Difor håpar eg at du som les dette tek på deg (regn)frakken eller kåpa, og tek turen til kyrkja denne jula. Kom gjerne på julaftan! Men sjølve dagen, Jesu fødselsdag, er faktisk 25. desember - og vi held fest den dagen òg.

Når Gud vil møta oss alle i kyrkja, er det grunn god nok til å komma. Slik hyrdingane kom til stallen og tilbad, sjølv om dei nok ikkje heilt forstod kva dei var med på.

Men kan du ikkje koma til kyrkja, så vêr trygg på at Gud uansett vil møta deg der du er og dela dagane dine med deg. For etter den første jula, då Guds Son vart menneske, er det ingen menneske og ikkje noko menneskeleg som er framand for Han.

Eg ønsker deg og alle dine ein glad og velsigna jul!



Halvor Nordhaug
Biskop i Bjørgvin

Min salme

Takk til Gunvor Boge som utfordra meg. Har fått tid til å tenkja gjennom ulike salmar. Det jo så mange vakre som skulle vore sungne. Eg stoppa ved 2. verset av "No soli bakom blåe fjell": Kom Jesus, inn og med meg ver når det til kvelden stundar! Og lat din engel standa her, ved lægje når eg blundar, og vara vel min kvilestad! Og vekk meg glad til song med fugl i lundar.

Dette verset vart sunge kvar kveld til oss borna. Oftast var det far som hadde den oppgåva. Det var trygt å leggja seg til å sova etterpå. Alt som var streva med, forsvann og vi vart rolege og søvnen kom fort. Kan anbefala songen også til moderne born.

Eg var nesten vaksen, før eg oppdaga at songen hadde fleire vers. Trudde at songen berre hadde eitt. Tonen som vi brukte, var Ludvig M. Lindemann og songen er skriven av Elias Blix.

*Norsk salmebok nr. 821
Tekst: E. Blix 1875
Melodi: L. M. Lindeman 1871*

*1 No soli bakom blåe fjell,
sitt ljose andlet gøymer,
og mørker over heimen fell,
og jordi ligg og drøymer.
Gud , lat ditt åsyn lysa ned,
så heilag fred
inn i vårt hjarta strøymer!*

*2 Kom Jesus inn og med meg ver
når det til kvelden stundar!
Og lat din engel standa her
ved lægjet når eg blundar,
og vara vel min kvilestad!
Og vekk meg glad
til song med fugl i lundar!*

*3 Men når eg her min nattverd held,
og livet kring meg tagnar,
eg minnast må min siste kveld,
då ikkje meir det dagnar.
Når soli neste morgon stend
opp over grend,
ho meg då ikkje gagnar.*

*4 Men Jesus fører meg ved hand,
eg ikkje råd skal sakna.
Han fører meg til livsens land,
der alle stormar spakna.
Når eg i grav er gøymd og duld,
for Kristi skuld
eg skal ein morgon vakna.*

Eli Kringlebotten utfordrar dottera si, Grete Kringlebotten, til å skriva neste om sin salme.

Konsertar i adventstida

I adventstida er det mange konsertar i kyrkjene våre. Det kan kome endringar og tillegg, så fylg med på plakatar, annonsar og Facebook.

Laurdag 4. desember

Vaksdal kyrkje kl. 15.00: Adventskonsert, med Kordial og organist Ruben Gjertsen. Diktlesing ved Kristin Straume Normann.

Laurdag 4. desember

Dale kyrkje kl. 17.00: Konsert med Fossegrimen. Sjå eigen annonse/omtale.

Laurdag 11. desember

Nesheim kyrkje kl. 15.00: Adventskonsert med Kilden, unge organistar og organist Ruben Gjertsen. Adventstankar ved Åshild Rene.

Laurdag 11. desember

Dale kyrkje kl. 18.00: Adventskonsert, med Dale Musikkforening og organist Anton Proskurnin m/fl. Adventstankar.

Søndag 12. desember

Stamnes kyrkje kyrkje kl. 16.00: Adventskonsert, med Blanke Messingen, Stamnes barnekor og organist Anton Proskurnin m/fl. Adventstankar.

Søndag 12. desember

Dale kyrkje kl 18.00: Jubileumskonsert med Dale Mannskor. Sjå eiga annonse.

Fredag 17. desember

Dale kyrkje kl. 13.00: Førjulsconcert med barnehagane på Dale og Stanghelle.



NYNORSK BIBEL 100 ÅR

I år er det 100 år sidan Bibelen kom på nynorsk. Det vil seie at han kom på norsk, for tidlegare var han berre på dansk. Me skreiv og om dette jubileet i førre nr av Kyrkjebladet.

Men Bibelen er ikkje berre ei gammal bok - ho er og ei aktuell bok!

I samband med dette jubileet har Kyrkjebladet spurt eit lite knippe menneske nokre spørsmål:

1) Kva tid fekk du din fyrste Bibel eller Nytestamente?

2) Kva tyder Bibelen for deg?

3) Har du eit favorittvers eller forteljing i Bibelen?



Bjart-Magnus Ndogo Rosvold, Dale

1) Eg meiner å hugse at eg fekk bibel av farmor mi når eg var sånn 10-12 år gamal.

2) Bibelen er ei bok som gir meg nye perspektiv. Den styrker trua mi, og har ofte vore til trøyst når ting er vanskeleg.

3) Når eg var barn likte eg å høyre dei klassiske historiane om Noah, Daniel og David. No når eg er vaksen har eg stor glede av Ordtøka og Høgsongen. Evangelietekstane er sentrale for meg, og favorittverset er Johannes 3.16: «For så elska Gud verda at han gav Son sin, den einborne, så kvar den som trur på han, ikkje skal gå fortapt, men ha evig liv.»



Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll, Vaksdal

1) Den første gongen eg sjølv kan hugse var i 5.klasset. Då me alle fekk tildelt eit eksemplar av nytestamentet. Det har der i mot alltid vore fleire eksemplar av Bibelen i heimen.

2) Bibelen fortel forteljingar som minner ein på dei ulike mange sidene ved det å vera menneske. Gjennom desse minner den oss også på det moralske kompasset me burde følgje for å handle på den beste måten både for oss sjølve og andre.

3) Det er mange fine forteljingar i Bibelen, men ei av dei eg tenkjar høgast om er kanskje «den barmhjertige samaritan».



Marit Merete Lunde, Dale

1) Eg fekk Nytestamentet mitt den hausten eg som 14-åring byrja i konfirmantopplæringa.

2) Bibelen er til trøyst, von og styrking - eg finn ro når eg les i han. Òg når livet røyner særskilt på, får eg meir fred i meg gjennom budskapet der. Eg prøvar å la han verke oppbyggjande og oppdragande og å ha han som rettesnor, sjølv om eg stadig kjem til kort der..

3) Det må verte Jesaia 53,5: «Ja, han vart såra for våre brot og sundbroten for våre misgjeringar; straffa låg på han, så vi skulle få fred, og ved hans sår har vi fått lækjedom.» Dette tykkjer eg er stort, og Jesu lidingssoge har alltid gripe meg.




Eirik Haga, Stanghelle

1) Eg meiner me fekk eige nytestamente på skulen. Kanskje i 4.klasse. Me hadde ein gamal familiebibel heime med mange skumle bilete i. Under konfirmasjonsførebuingane fekk me utgåva Godt Nytt

2) Den betydde nok meir for meg før, men vesentlege punkt/spørsmål/tema/etikkk dukkar ofte opp og er framleis ei god rettesnor når vanskelege val skal takast. Særleg når det handlar om nestekjærleik, og om rett og galt. Eg sler nok ikkje opp i Bibelen. Det går på minnet.

3) I Johannesevangeliets kap. 8 står fortellinga om kvinna som hadde brote ekteskapet. «Den av dykk som er utan synd, kan kasta den fyrste steinen på henne». Hadde me tenkt oss om når andre gjer feil så hadde det vore mindre fordømming rundt oss. Så trøystar eg meg ofte med 1.Kor 13: «For vi skjønar stykkevis.....»

Før syns eg at Galatarane 5,15 var veldig morosamt: «Men når de bit og glefser etter kvarandre, så ta dykk i vare at de ikkje et kvarandre opp», men jammen er det aktuelt det og - kanskje meir no enn tidlegare.



I Stamnes kyrkje ligg eit eksemplar av den fyrste bibelomsetjinga på nynorsk, som kom i 1921. Nett boka som er på Stamnes er eit opplag frå 1930, og på eit anna blad står det «Høyrer til Stamnes kyrkja, den 1/10 1935.»

DYRELIV PÅ GRAVPASSANE



No som me går inn i den mørkaste tida av året er det mange som tenner lys på gravene. Dette lyser fint opp i vintermørket. Den siste tida har publikum meldt ifrå til oss om at dei til tider ser lyslykter som ligg «kasta» rundt på gravplassane. Dette ser ikkje fint ut, og nokon har også frykta at dette har vore vandalisme.

Me trur no at me har funne løysinga på problemet. Det viser seg at det er kråkefuglar som mest truleg er ute etter stearinen som er inne i lyktene. No når fleire og fleire nyttar plastlykter, er desse so lette at kråkene klarar å fly av garde med dei. Etter at dei har hakka lyktene sunde, og forsynt seg av «maten» vert restane liggande å slenga. Vandalisme er det, men vandalen er vanskeleg å stille til ansvar.

Om ein vil unngå slike hendingar, kan det hende at det er mogleg å fortøye lyktene med ein liten hyssing (Det kan uansett vera ein god ide, no som haust og vinterstormane kjem). Eller ein kan nytte glaslykter som er noko tyngre.

Me i gravplassforvaltninga set stor pris på at publikum tipsar oss om stort og smått på gravplassane. Nokon utfordringar kan me ta tak i med ein gong, medan andre er noko vanskelegare å lage gode løysingar på.

Bjart-Magnus N Rosvold



KONSERT

Dale kyrkje, Dalekvam

Laurdag 4. desember kl. 17.00

Medverkande:

Vilde Haukås Fosse - Frode Vik

Fossegrimens prosjektkor 2021 - Gymnaskoret

Dirigent:

Dagfinn Rohde

Billetter: kr. 250,- (born/ungdom under 18 år gratis)

Fossegrimmen sin hovudsponsor:



**VOSS
SPAREBANK**



Ikke alle barn gleder seg til jul



Illustrasjonsfoto

Gi støtte til familier som har det tøft

Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr)
eller VIPPS valgfritt beløp til 13130





Daniel på Kyrkemøtet

Daniel Kydland, frå Vaksdal men no busett på Flatøy i Nordhordland, er medlem av Bjørgvin bispedømeråd. Såleis er han og medlem i Den norske kyrkja sitt øvste organ, Kyrkemøtet. Årets møte vart utsett grunna pandemien, men i november kunne Daniel og resten av Kyrkemøtet endeleg samla i Trondheim.

Kristin med ny bok

Trusopplæraren vår, Kristin, er og forfattar. Då nyttar ho namnet Kristin Straume, og ho legg ut dikt på internett under namnet berrekristin.

No i haust kom ho med si tredje diktbok, som heiter *I tilfelle du treng det*.





Kjetil med doktorgrad og ny jobb

Kjetil Kringlebotten, frå Stanghelle, har nett kome heim etter tre år som doktorgradstudent i Durham, England. Avhandlinga hans heiter «Liturgy, Theurgy and Active Participation. On Theurgic Participation in God».

I haust har han og gifta seg med engelske Carole Farish.

No har han fått eit vikariat som prest i Kvinnherad, same kommunen han arbeidde i før han flytta til England, og paret skal inntil vidare bu på Ænes.



Olav Arne med ny CD og notehefte

Olav Arne Steinkopf bur på Stanghelle, og er kantor i Arna i Bergen. Tidlegare var han kantor i Vaksdal i 18 år saman med kona Tone Synnøve Øygard Steinkopf. Han har eit prosjekt kalla Luther-jazz, og hadde i 2017 konsert i mellom anna Dale kyrkje med det prosjektet.

No i haust kom desse songane ut på strøymetenester. Den fysiske CD-en kjem i desember. Olav Arne har og utvikla salmeprosjektet han starta med då han laga til «Det stor salmeslaget» for konfirmantane i Vaksdal. Han har arrangert mange salmar for band, gjeve ut ressurshefte med mellom anna noter og laga lydfiler til hjelp for dei som vil øve inn dette stoffet. Ressursheftet er og ute for sal no.






Desse sidene er avsett til trusopplæringa i Vaksdal, som me kallar Veggen i Vaksdal. Det er sjølvstøtt livs- og trusveggen det handlar om, og målet om at alle som er døypte eller tilhøyrande Den Norske Kyrkja skal bli invitert til eit tilbod i kyrkja sin regi minst ein gong i året, til dei fyller 18 år.

Fylg Veggen i Vaksdal på Facebook!



BABY- OG SMÅBORNSSONG PÅ DALE OG VAKSDAL

I haust har det vore baby - og småborns-song på Dale måndagar og på Vaksdal onsdagar. Me har hatt samlingar parallelt i bygdene i motsetnad frå tidlegare, mellom anna med tanke på å unngå eventuell smittespreiing mellom bygdene. Trusopplærar Kristin har leia samlingane, som består av song og regler, og me nyttar ulike effektar som rytmeinstrument, stoff, såpebobler og spruteflaske. Alltid kjekt å møte små og store! Me byrjar att med slike samlingar i februar. Sjå meir info under «Veggen vidare».



Haftor blir ikkje lei av såpebobler.

Knøttesong på Dale og Vaksdal

I haust har me òg hatt knøttesong for born 2-5 år i Dale og Vaksdal kyrkjer, annakvar veke kvar stad, måndagar på Dale og onsdagar på Vaksdal. Det har vore kjekke samlingar med både kjende og nye fjes - koseleg!

Baby- og småbornssong på Stamnes, og Stamnes barnekor

På Stamnes har me hatt eit par songsamlingar i bedehuskjellaren til no i haust. Koselege og opplevingsrike samlingar for både små og store! Elles heldt Stamnes barnekor, drive av Martha Lise Handal, framleis koken på torsdag ettermiddagar i bedehuset. Veldig kjekt at så mange er med i koret! Under gudstenesta på Stamnes 14. november deltok dei med vakker song.



SAMLINGAR OG UTDELING AV BOK TIL 4-ÅRINGAR

Fireåringane i bygdene har fått, eller skal få, fireårsbøker i kyrkjene sine i haust. Desse gudstenestene legg me opp slik at dei høver for borna mest mogleg, både når det gjeld innhald og lengde. I dei fleste bygdene var det òg fireårssamlingar der borna fekk laga seg kvar sin adventskalender, basert på julekrybba. Ein konge leitar etter Jesus-bornet, og må gå på 24 stjerner i desember for å koma fram til Jesus i krubba.

Fireåringar på Stamnes.



UTDELING AV NYTESTAMENTET PÅ STAMNES OG VAKSDAL



Tiåringar Stamnes med prest Jostein Skutlaberg.

Tiåringar frå Stamnes og Vaksdal sokn fekk Nytestamentet under kvar si gudsteneste 14.november. På Stamnes fortalte vikarprest Jostein om at han som tiåring sjølv i grunn syntest fyrste kapittel i nytestamentet var ganske kjedeleg, men kom med gode tips til kvar tiåringane kunne byrja å lesa.

FAMILIEGUDSTENESTE I EKSINGEDALEN MED UTDELING AV SEKSÅRSBOK

I vakre Eksingedalen var me ein søndag i september og delte ut seksårboka under ei familiegudsteneste. Organist Ruben og Kristin samarbeidde om preika som handla om skapinga, der Ruben laga spennande lydkulissar til forteljinga. Ei annleis oppleving, men artig for borna som var med og song både «Alle fugler små de er» og «Har du hørt historien om de tre små fisk» undervegs.

KONFIRMANTANE

Konfirmantåret 2021-2022 er godt i gong, og konfirmantane har allereie delteke på fleire ulike aktivitetar. I november deltok konfirmantane på nattcup i fotball i Haukelandshallen i Bergen, med to jentelag og eitt gutelag. Og det eine jentelaget vann cupen! Så no har Vaksdal/Modalen-jentene vunne cupen tre gonger og vandrepokalen vert vår!



Amalie R. Kleiveland, Maja L. Toskedal, Marielle O. Hovlandsdal, Ariana N. Boge, Ane H. Rørbakken, Marthe H. Skrede og Sofie Wefring deltok også på vinnarlaget. Foto: Helen Valestrand Wefring.

Kva skjer på VEGEN framover?

11.-13. FEBRUAR:

Tårnagenthelg

8 og
9 år

11. til 13. januar vert det arrangert Tårnagenthelg i Vaksdal kyrkje. Her er alle som blir åtte eller ni år dette året velkomne. Ein har fyrst ei samling på dagtid laurdag, der ein blant anna skal gjennom ei tårnagentløype, få agentbevis rundt halsen, bli delt inn i grupper og gjera ulike oppgaver samtidig som ein blir kjend med kyrkja. Sjølvsaugt står ein tur i kyrkjetårnet også på planen! Sunda- gen er det tårnagentgudsteneste der tårnagentane bidreg med noko dei har førebudd dagen før.

FRÅ FEBRUAR:

Baby- og småbornssong på Dale og Vaksdal

0-2 år

Me held på å ha baby- og småbornssong parallelt i bygdene i vår òg. Det vert samlingar i Vaksdal kyrkje måndagar og i Dale kyrkje onsdagar. Merk at me byter dagar for bygdene i forhold til kva som var i haust, for å unngå kollisjonar med andre ting. Håpar på å sjå både kjende og nye fjes, alle er hjarteleg velkomne! Fylg med på facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert informasjon om samlingane, som alle er leia av trusopplærar Kristin Straume Normann.



Knøttesong på Dale og Vaksdal

2-5 år

Me held fram med knøttesong for born 2-5 år: på Vaksdal annakvar måndag og Dale annakvar onsdag, frå februar av. Ta gjerne med kvelds og et saman med oss mot slutten av samlinga! Fylg gjerne facebook-sida «Babysong, småbornssong og knøttesong i Vaksdal» for oppdatert info og påminning om samlingar. Velkomen!

FRÅ FEBRUAR:

Baby- og småborns- song på Stamnes

0-5 år

Også etter jul vert det samlingar med kombinert baby- og småbornssong for born 0-5 år på Stamnes. Me samlast i bedehuskjellaren mellom kl. 10 og 12 ein torsdag i månaden, datoar vert annonsert seinare.

5.-6. FEBRUAR:

Lys Vaken

11 og
12 år

5. til 6. februar er det Lys Vaken i Dale kyrkje, for alle born i kommunen som fyller elleve og tolv år dette året. Her har ein ulike spennande aktivitetar, et pizza og overnattar i kyrkja til søndagen, då ein deltek i gudstenesta før det er heimreis. Dette pleier å vera veldig kjekt for dei som er med!

6. FEBRUAR:

Utdeling av Nytestamentet til elleveåringane på Dale, og tolvåringane i Dale og Vaksdal

11 og
12 år

Under Lys-Vaken-gudstenesta i Dale kyrkje 6. februar vert det òg utdeling av Nytestamentet til alle elleveåringar som høyrer til Dale sokn, og til alle tolvåringar som høyrer til Dale og Vaksdal sokn, sidan dei ikkje har fått denne endå. Gudstenesta kan alle sjølvsaugt koma på uansett om dei er med på resten av Lys Vaken-opplegget eller ikkje!

Tankar frå trusopplæraren

Eg skjønar ikkje heilt at det snart er jul. Kvar vart det siste året av? Og kva gjorde me eigentleg ut av det? Altfor lite, kjennest det som. Eg hadde i alle fall planar om meir enn eg fekk gjort, både privat og på jobb. Nokre dagar gjekk vekk i sjukdom som hadde halde seg på vent tidlegare. Nokre dagar prøvde eg så godt eg kunne, men alt gjekk

liksom så treigt. Det følest som det ganske lenge har vore «eitt steg fram og to tilbake» på ein del område, spesielt med tanke på smittesituasjonen i landet. Men me ser jo lyset, me gjer jo det. I alle fall eg. Og om du ser det eller ikkje: lyset du treng, finst. Som Helge Torvund formulerer så godt i diktet sitt. Og kvar er lyset? I


ein gamal stall, for 2000 år sidan, omringa av måpande menneske og dyr? Ja. I hjarto våre, varmt dunkande, smått håpefulle? Ja. Lyset finst. Kanskje òg der du minst ventar det. Leit etter lyset du treng, så kan det hende du finn mykje anna du treng òg. Kjærleik. Ro. Håp. Tru. Takksemd.



BARNAS SIDE


Finn stjernevegen!

Finn du vegen gjennom stjernelabyrinten?



Fargelegg

Jesus, Guds eigen son, vart fødd i ein stall i Betlehem.



Teikning:
Claudia Chiaravalotti

Finn 5 feil

Englar fortalde gjetarane at Frelsaren var fødd. Gjetarane løp inn til Betlehem for å sjå han. Teikning: Claudia Chiaravalotti



Gje barnebladet BARNAS til eit barn du er glad i!

Desse oppgåvene er henta frå bladet.

**Bestill
abonnement**

på sondagsskolen.no
eller **22 08 71 00**



VITSAR

Ole var ikkje verdas smartaste pilot. Han flaug inn mot Gardermoen og fekk melding frå kontrolltårnet:
– Meld inn høgde og posisjon!
– Eg er 178 centimeter høg og sit heilt fremst i flyet, svara han.

I Molboland er det veldig strenge trafikklover når det gjeld sikkerheitsbeltet:
Første gong du blir tatt utan å ha på deg beltet, får du 1000 kroner i bot.
Andre gong får du 2000 kroner i bot.
Tredje gong blir sikkerheitsbeltet inndrege.

KONFIRMANTANE I SEPTEMBER



Stamnes kyrkje 12. september

Framme, frå venstre: Nathalie Angelica Mo Lilletvedt og Sara Stamnes Vik. Bak: Sokneprest Edvard Bø og Sander Tennebekk Vik
Foto: Sigrunn S. Vik



Stamnes kyrkje 11. september

Framme frå venstre: Tor Kristian Dale Tollaksen, Mathias Leiren Fossmark og Kristian Kolstad. Bak: Sokneprest Edvard Bø. Foto: Ann Kristin Dale



Dale kyrkje 4. september

Framme, frå venstre: Ingrid Sandal Furubotn, Anna Simmenes Wiers, Trym Langhelle, Bendik Vaksdal og sokneprest Frode Kvamsøe. Bak: Benjamin Boge Svarstad, Ingeborg Nummedal-Rolland, Amalie Dalseid Landro, Kevin Standal Fenne og Adrian Antonio Simmenes Simbana. Foto: Inger Line Langhelle



Vaksdal kyrkje 4. september

Framme, frå venstre: Sanna Furubotn Boge, sokneprest Edvard Bø og Mari Genesis Faugstad. Bak: Khalil Adrian Suelan Agustin, Mathias Tveito Olsnes og Magnus Takvam Sæterdal. Foto: Kiara Agustin



Dale kyrkje 5. september

Framme, frå venstre: Thea Helle Jordalen, Ida Helle Jordalen, Noah Olsnes Soltvedt og Joachim Kvamme. Bak: Tiril Kulshamar Fardal, Emma Joy H Nottveit, Emma Steinsland Sætre og sokneprest Frode Kvamsøe. Foto: Brith Kydland

KONFIRMANTJUBILANTAR



51-årskonfirmantar, frå årskullet 1970, i Vaksdal kyrkje 17. oktober 2021

F.v. Oddlaug Fanebust Trefall, Britt Tolås Kvam, Tove Aakre, Odd Berge, Rolf Sæterdal og sokneprest Edvard Edvard. (Reidun Sælen var ikke på bildet men var med på festen). Foto: Kari Bø



50-årskonfirmantane i Dale kyrkje 24. oktober 2021

1. rekke frå venstre: Sølvi Irene Eikevik, Jorunn Eide, Eva Danielsen, Torild Geitle, Sissel Hesjedal, Sølvi Birkeland Hagebø, Anne Jorunn Langhelle, Unni Elisabeth Sellevold,
2. rekke fra venstre: Arne Claesson, Terje Oddvin Bruket, Arnstein Langhelle, Reidar Takvam, Harald Stanghelle,
3. rekke fra venstre: Bjarte Knutsen, Per Fardal, Frank Ekanger, Ole Johan Pettersen, Kåre Atle Ulveseth, Arne Hesjedal, Geir Magne Hvidsten, sokneprest Frode Kvamsøe
Foto: Brith Kydland



Vaksdal kyrkje 5. september

Frå venstre: Nathalie Holme Birkeland, Fritz Alexander Olsson Fosse, sokneprest Edvard Bø, Jenny Solhaug og Sindre Eintveit.



50-årskonfirmantar, frå årskullet 1971, i Vaksdal kyrkje 17. oktober 2021

F.v: Karin Marie Sæterdal Skage, Marit Irene Tolås Toft, Solveig Elisabet Larsen Tørre, Anne-Lise Ulevik Furubotn, Helge Eilifsen, Reidar Olsnes, Thorun Mari Krogsrud Litangen, Steinar Knutsen, Ruth Jørgensen, Knut Olsnes og sokneprest Edvard Bø.
Foto: Kari Bø



60-årskonfirmantane i Dale kyrkje 24. oktober 2021

1. rekkje frå venstre: Elin Hvidsten Lien, Torunn Hvidsten, Johanne Matland Skjoldli, Liv Kirsten Elde Kvammen.
2. rekkje frå venstre: Torbjørn Dale, Anders Teigen, Leidulv Brunborg, Magnar Gjermo, Svein Aksel Sellevold, sokneprest Frode Kvamsøe.
Foto: Brith Kydland.



50-årskonfirmantar, frå årskulla 1970 og 1971, i Starnnes kyrkje laurdag 16. oktober

1. rekke frå venstre: Jane Wenche Vik Kulshamar, Torill Aas Vik, Bjørg June Vedaa Garvik, Ragnhild Vik. 2. rekkje frå venstre: Kjellaug Ekse Brekkhus, Bjørg Ingeborg Solheim, Rita Kallestad Dyvik, Inger Berit Sandal, Olaug Lunde Starnnes. 3. rekkje frå venstre: Knut Helge Kulshamar, Audun Kalstad, Audun Mo, Jarle Vik, Rune Berntzen, Knut Just Dyvik, Bjørn Starnnesfet. Foto: Kristin S Normann

MUSIKALSKE JULEGLEDER
DALE MANNSKOR
HEGE EIDE VIK
OLAV ARNE STEINKOPF
PER JØRGENSEN

MUSIKALSK LEIAR: LARS RAGNVALDSEN

90 ÅRS-JUBILEUMSKONSERT

NAIN/VOSS FRE 10 DES. KL 19.30
DALE KYRKJE SUN 12 DES. KL 18.00

ENTRÉ KR 200/VIPPS TIL DALE MANNSKOR 559814
BORN UNDER 12 ÅR I FØLGJE MED VAKSNE GRATIS

1931 - DALE MANNSKOR - 2021

La Grace få fy

Akkurat no ligg Grace trygt i armane til mamma, berre ein dag gamal. Omfamna av mors kjærleik og nærleik etter ein god og trygg fødsel. Diverre er tala dystre, mange barn i Afrika lever aldri til dei blir fem år.

Av **Anette Torjusen**

Foto: **Håvard Bjelland**

Inst i kroken på fødeavdelinga høyrer vi små forsiktige grynt. Då vi kikar inn, ser vi at det er Grace som er i ferd med å vakne. Ho ligg trygt i famnen til mamma på ei av sengene i salen. Berre timar har gått sidan ho vart fødd.

- Eg kjenner meg så lykkeleg, Grace er det første barnet mitt, og det er så mykje større enn eg hadde førestilt meg. Eg håpar ho får ei trygg og god framtid, det er alt eg ønskjer meg, smilar mamma Anita Lamisoni (24).

Høge dødstal

Grace er fødd i Malawi, på fødeavdelinga til helsesenteret Mbwatarika, som Kirkens Nødhjelp har bygd. Alt er godt og trygt for Grace no, men utanfor veggane ventar eit hardt liv og ein beinhard statistikk. Meir enn nitti prosent av barn som dør

VAKSDAL BEDEHUS

Alle møta kl. 11.00. Søndagsskule kl. 11.30.

Søndag 13. desember Talar: Ole Corneliussen

Søndag 27. desember Talar: Asle Hetlebakke

Datoar over nyttår:

16. januar, 6. februar, 27. februar, 20. mars

H HEDER | NORDHORDLAND BEGRAVELSESBYRÅ | Ditt lokale graferdsbyrå

AVDELING VAKSDAL

ALLTID HER FOR **deg**

Ann-Elin M. Gullbrå | Marit M. Alvheim

DU NÅR OSS PÅ TLF. 56 99 25 70 - WWW.NORDH-BB.NO

Elvavegen 1 Dalekvam Tlf. 56 99 25 70 | Kyrkjevegen 1 Alversund Tlf. 56 37 14 10

Alle fem år



før dei fyller 18 år, overlever ikkje femårsdagen sin.

Malawi er eit av dei fattigaste landa i verda, som står i mange kriser. Akutt vassmangel, tørke og flaum gjer at tilgangen til mat er kritisk. Så kritisk at Grace har femti prosent sjanse for at veksten hennar blir hemma før ho fyller fem år. I tillegg har pandemien også gjeve eit valdsamt oppsving i talet på barneekteskap og tenåringsgraviditetar. I nokre område har dette dobla seg.

Sjølv om tala for barnedødsfall har gått kraftig ned, er dei framleis dramatiske. I 2019 døydde det 14.000 barn i verda under fem år, kvar einaste dag. Og kvar du blir fødd har mykje å seie. Barnedødstala er ni gongar høgare i Afrika enn i Europa.

Ein god start på livet byrjar med ein trygg fødsel, difor har Kirkens Nødhjelp bygd fødeavdelingar fleire stadar i Malawi. Samstundes som vi syter for gode jordmødrer.

Då Grace vart fødd var det Hilal Wasil (27) som var jordfar på vakt. Han tok imot Grace og hjelpte Anita gjennom sin første fødsel. Og Anita kan ikkje få fullrost han.

- Eg kjende meg både trygg og tek en hand om på beste måte, så no kan eg faktisk seie at eg hadde ein fin fødsel, sjølv om han var lang og vond.

Hilal, som også er ansvarleg for svangerskapskontrollane, kan ikkje få understreka nok kor viktig det er

å kome seg til ei fødeavdeling. Han rykkjer også ut på motorsykel til mødrer som ikkje når fram i tide.

- Vi ser at mange går over tida, aborterer eller får massive blødingar etter fødsel. Difor er det så viktig at gravide og nybakte mødrer blir følgde tett opp.

Anita får berre ei natt på sjukehus før ho må reise heim, det er mange som skal fø og det er kamp om plassane. Totalt dekkjer fødestova 3000 hushald.

Vi skal snart feire jul, i takksemd og glede over Jesu fødsel. Ein fødsel som mest sannsynleg var ei tøff erfaring for unge Maria. I ein stall, i ein framand by, langt borte frå familien. Hadde ho ein fødselshjelpar?

Jesus overlevde både fødselen og flukta den vesle familien måtte leggje ut på etter kvart. Vi går ut frå at spedbarnsdødstala var høge. Jesus overlevde spedbarnstida på trass av den urolege verda han vart fødd inn i.

2000 år etterpå veit vi at nyfødde under 28 dagar står for nesten halvparten av dødsfalla blant barn under fem år (tal frå 2019). Mange blir framleis fødde i krig, konflikt, vassmangel, svolt og fattigdom.

Oppdraget vårt er å redde liv og krevje rettferd for desse, slik vi gjer i Malawi. Vi kan vere med å gje nyfødde Grace og andre barn ei trygg framtid. Saman med deg og dei kan vi byggje fleire fødeavdelingar og syte for tilgang til mat, reint vatn, vaksinar og utdanning. Saman forandre. Slik at fleire får fylle fem år.

**SLIK GJEV DU DEN VIKTIGASTE JULEGÅVA I ÅR:
Vipps eit valfritt beløp til 2426.
-Send GAVE på sms til 2426 og gje 250,- kroner.
Gåvekonto:
1594.22.87248**

SLEKTERS GANG



DØYPTE

Dale

15.08 Hannah Alise Berge Vedå
10.10 Andrea Aerin Scannell Takvam
30.10 Olea Johanne Antonesen Boge
30.10 Leon Alexander Antonesen Boge
30.10 Albert Antonesen Boge
30.10 Vanessa Strømsheim Boge

Stamnes

12.09 Cecilie Bruvik Eide
17.10 Ava Børhaug
31.10 Mia Skjerve

Vaksdal

14.11 Ingrid Hanevik Isaksen



VIGDE

Vigde/forbøn for borgarleg inngått

Dale

16.09 Aud Grethe Svensson og Bjørn Arild Kvamme Svensson (forbøn)

Bergsdalen

18.09 Kristina Fagerbakke Fosse og Øystein Tennefoss (forbøn)



DØDE

med kyrkjeleg gravferd/bisetjing

Bergsdalen

14.09 Anna Pettersen 1933

Dale

04.09 Terje Seim 1962
13.10 Anne Marie Brekke 1953
06.10 Brit Johanne Gunnarson 1943
Frå Bergsdalen kyrkje
12.10 Torleif Johannes Tollefsen 1924
06.11 Odin Jacob Lid 1938
Frå Bergsdalen kyrkje
11.11 Samson Johannes Thaulle 1939

Vaksdal

10.09 Josef Steinsbø 1922
17.09 Johannes A Fossmark 1925
Frå Dale kyrkje
13.10 Nelly Petra F Amundsen 1941
29.10 Marianne Risholm 1983

TOMME-
STOKKEN BYGG AS

Vi har stillas
med hengjar til leige.

Tlf. 481 44 680

ATLANTIS
VVS & INTERIØR

Din lokale Rørlegger i Vaksdal

☎ 95 97 17 00 

ARNPRO 

Tlf. 56 53 00 60 • www.arnpro.no

 **BKK**

- vi gir morgendagen nye muligheter

GRAVMINNER



Utstillingen kan sees i butikk.
Vi lager også modeller etter ønske.

• Navntilføyer • Omslip
Restaurering • Bolting • Oppretting


STEINRIKET
DALE AS

Dalegarden • Tlf. 40 61 55 00 • www.steinriket.no

SÆTERDAL
ELEKTRO

Me leverer alt innan
elektrikartenester.
Tlf. 56 59 43 00

 **SparebankenVest**
– satsar på Vestlandet

Tlf. 56 59 39 00 - www.spv.no




Alt innan
tømrararbeid

Tlf. 922 65 739

post@falkangerbygg.no


IDEHUS
BYGGER PÅ GODE IDÉER

Falkanger Bygg er
forhandlar av Idéhus
Sjå idehus.no

Ve **vangen elektriske a/s**
AUTORISERT TELE- OG ELEKTROENTREPRENØR

HAR DU BRUK FOR EIN FAGMANN?

- Elektro svak- og sterkstraum
- Alarmanlegg
- Teleinstallasjonar
- Brannvarsling
- Adgangskontroll

Tlf. 56 52 36 66 www.vangen-elektriske.no



Bergsdalstunet

Bergsdalstunet
56 59 89 34



Vaksdal

BLOMSTER OG BEGRAVELSESBYRÅ

-DITT LOKALE BYRÅ SIDEN 1984-

DØGNVAKT 56 59 74 70

- OMSORG VED LIVETS SLUTT -

POST@VAKSDALBEGRAVELSE.NO WWW.VAKSDALBEGRAVELSE.NO TLF. 911 79 766

BLOMSTERBESTILLING 55 19 72 05



DALETEC



Tlf. 417 94 104
E.post: tommy@tovielektro.no

VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 5. desember - 2. søndag i adventstida

NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Lysmesse. Bø m. fl. Kyrkjekaffi.

BERGSDALEN KYRKJE kl. 16.00. Lysmesse. Kvamsøe m. fl. Kyrkjekaffi.

Søndag 12. desember - 3. søndag i adventstida

EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Lysmesse. Kvamsøe og konfirmantar.

Søndag 19. desember - 4. søndag i adventstida

Ingen gudsteneste i Vaksdal.

Fredag 24. desember - Julaftan

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 12.00. Julegudsteneste. Kvamsøe m. fl.

STAMNES KYRKJE kl. 13.00. Julegudsteneste. Bø.

DALE KYRKJE kl. 15.00 og 16.00. Julegudsteneste. Bø.

VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Julegudsteneste. Kvamsøe.

Laurdag 25. desember - Juledag

DALE KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Felles høgtidsgudsteneste

for Vaksdal og Dale sokn. Bø og Kvamsøe. Nattverd. Forsongarane møter kl. 11.00.

Søndag 26. desember - 2. Juledag

BERGSDALEN KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Høgtidsgudsteneste. Kvamsøe.

STAMNES KYRKJE kl. 12.00 (Merk tida). Høgtidsgudsteneste. Bø.

Nattverd.

Fredag 31. desember - Nyårsaftan

VAKSDAL KYRKJE kl. 23.15. Midnattsmesse. Kvamsøe.

Laurdag 1. januar - Nyårsdag

Søndag 2. januar - Kristi openberringsdag

Ingen gudstenester i Vaksdal.

Søndag 9. januar - 2. søndag i openberringstida

STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.



VELKOMEN TIL KYRKJA

Søndag 16. januar - 3. søndag i openberringstida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 23. januar - 4. søndag i openberringstida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 30. januar - 5. søndag i openberringstida
NESHEIM KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 6. februar - 6. søndag i openberringstida
DALE KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste / Lys Vaken-helg.
Kvamsøe. Nattverd.
BERGSDALEN KYRKJE kl. 18.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 13. februar - Såmannssøndagen
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Familiegudsteneste / Tårnagenthelg.
Bø og Normann. Nattverd.

Søndag 20. februar - Kristi forklaringsdag
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd.

Søndag 27. februar - Fastelavnssøndag
STANGHELLE BEDEHUS kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Årsmøte.

EKSINGEDALEN KYRKJE kl. 15.00. Familiegudsteneste. Kvamsøe
og Normann.

Søndag 6. mars - 1. søndag i fastetida
VAKSDAL KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Bø. Nattverd. Årsmøte.
EIDSLAND KAPELL kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

Søndag 13. mars - 2. søndag i fastetida
BERGSDALEN KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Årsmøte.
NESHEIM KYRKJE kl. 15.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.
Årsmøte.

Søndag 20. mars - 3. søndag i fastetida
DALE KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe. Kvamsøe og konfirmantane.
Nattverd.

Søndag 27. mars - Maria bodskapsdag
VAKSDAL KYRKJE kl. 16.00. Ung Messe.
Bø og konfirmantane. Nattverd

Søndag 3. april - 4. søndag i fastetida
STAMNES KYRKJE kl. 11.00. Gudsteneste. Kvamsøe. Nattverd.

*Det vil kome endringar i gudstenestelista. Sjå heimesida vår, lokalavisene og oppslagfor eventuelle endringar.
Ynskjer de å ha dåp? Ta kontakt med kyrkjekontoret.*



Bunad og stakkastovo as

ny bunad

omnem

bunadsele

tilbehør

Ring for avtale 56 19 18 00

Osterøy næringspark, 5281 Valestrandfossen

www.bunadogstakkastovo.no